

SVEIO KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Tysdag **18. juni 2019** blei det halde møte i Sveio kontrollutval under leiing av utvalsleiar Olav Haugen.

MØTESTAD:	Kommunestyresalen, Sveio kommunehus
MØTESTART/-SLUTT:	kl.18.00 – kl. 19.50
MØTANDE MEDLEMMER:	Olav Haugen (KrF), Hans Chr. Andersen(FrP) og Gustav Eidsvåg (FrP)
MØTANDE VARAMEDLEMMER:	2. vara Haldis Rolvsnes Stueland (KrF)
FORFALL:	Torill Hagland (H) og Heidi Selsås (A)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Ingen etter avtale
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Rådmann Jostein Førre
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Nytt pkt. 27 - brev om byggesak og pkt. 28 - status forvaltningsrevisjon under sak 17/10. Sak 16/19 blei handsama som siste sak.

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 13/19 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 07.05.19

Sekretariatet si innstilling:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 07.05.19 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 18.06.19:

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 18.06.19:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 07.05.19 blir godkjent slik han føre.

SAK 14/19 ORIENTERING OM KOMMUNEN SI PERSONALFORVALTNING

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontrollutval tek personalsjefen si utgreiing om kommunen si personalforvaltning til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 18.06.19:

Etter ønskje frå utvalet i fjor, orienterte rådmannen om personalforvaltninga, her under organisering, planar for kompetanseheving, samt oppfølging av arbeidet med personvernlova.

Dei tre kommunalsjefane er involvert i planane for heile kommunen, men handterer i tillegg sine einingar. Løns- og personalkontoret ligg i stab, og er ein støttetjeneste for einingane. Kontoret har oppgåver knytte til dei tillitsvalde, lønnsforhandlingar, rekruttering, konflikhtar og overordna planar. Den nye leiaren har vore i arbeid i tre månader.

Kompetanse som kommunen jobbar spesielt med i dag: 1) bli god på samhandling, 2) tenester kor tilsette blir utsett for vold og 3) digitalisering av tenester. Arbeidsmarkedet er no meir krevjande enn for nokre år sidan. Kommunen slitar med å skaffe verne- og sjukepleiarar. Samhandlingsreforma har ført til tyngre pasientar på sjukeheim og heime. Rektorstillingane har også få søkjarar. I skulen er det no eit generasjonsskifte blant lærarane. Kommunen har starta eit rettleiingsprogram for nye lærarar der røynde lærarar med redusert leseplikt skal vere mentor for yngre kollegaer.

Kommunen har dei siste åra nytta opplæring i LEAN-metodikk innan dei fleste einingane. Rådmannen meinte at nå når tredje pulje skal starte opp, verkar det som at dei tilsette er meir motiverte og ein oppnår større effekt. Målet er bruke mindre ressursar for de same tenestene. Av andre program som blei omtalt var leiaropplæringsprogrammet og at dei no nytta eit nytt verktøy for medarbeidersamtale (MOTIVATI).

Når det gjaldt personvern og GDPR så var kartlegginga snart ferdig. Personvernerklæring var godkjent og lagt ut. Dei jobba no med den overordna strategien og det kunne skje noe på området innan interkommunalt samarbeid. Utvalet kom med spørsmål underveis. Utvalsleiar takka for ei grundig gjennomgang og utvalet var nøgd med orienteringa.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 18.06.19:

Sveio kontrollutval tek rådmannen si utgreiing om kommunen si personalforvaltning til orientering.

SAK 15/19 OPPFØLGING AV SELSKAPSKONTROLL – KARMSUND HAVN IKS

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kommunestyre tar tilbakemeldinga om oppfølging av revisjonsrapporten «Selskapskontroll - Karmsund Havn IKS» til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 18.06.19:

Rådmannen opplyste at når det gjaldt opplæring av eigarrepresentantar til kommunale selskap, var han interessert at det kom som innspel frå utvalet som eit tema i folkevaldopplæringa for dei nye representantane til hausten. Utvalet støtta det og hadde elles ingen merknader til innstillinga.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 18.06.19 og innstilling til kommunestyret:

Sveio kommunestyre tar tilbakemeldinga om oppfølging av revisjonsrapporten «Selskapskontroll - Karmsund Havn IKS» til orientering.

SAK 16/19 EVALUERING AV KONTROLLUTVALET SITT ARBEID I INNEVERANDE PERIODE 2015-2019 – 1. GONG

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontrollutval ber sekretariatet om å vurdere dei innspela som kjem fram i møtet og seinare, og å legge dei fram i ny sak om «Evaluering av kontrollutvalet sitt arbeid i inneverande periode 2015-2019» til neste møte til hausten.

Handsaming i kontrollutvalet 18.06.19:

Utvalsleiar hadde gått gjennom FKT sitt skjema og fylt det ut med sine svar. Han meinte at det var mange av kommunestyremedlemmane som ikkje hadde nok forståing av si rolle og ansvar knytte opp til kontroll og til kontrollutvalet sine oppgåver.

Han meinte difor at det var viktig å få dette fram for nytt kommunestyret. Rådmannen ønskte at evalueringa/innspela blei sendt over til administrasjonen slik at han fekk dei med i eit saksframlegg til formannskapet i august.

Utvalet kom med sine synspunkt til dei ulike spørsmåla i møtet. Utvalet var samd i at utvalsleiar og sekretær lagar eit utkast, basert på innspela og innsendte kommentarar, og dette vert sendt medlemmane til godkjenning. Medlemmane sender inn sine kommentarar så snart som mogleg.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 18.06.19:

Sveio kontrollutval ber sekretariatet om å vurdere dei innspela som kjem fram i møtet og frå utvalsleiar om «Evaluering av kontrollutvalet sitt arbeid i inneverande periode 2015-2019» og utarbeide eit notat som vert oversendt rådmannen innan juli.

SAK 17/19 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 18.06.19

22. Statusoversikt juni 2019
23. Haugaland Vekst IKS – protokoll frå representantskapsmøte 30.04.19
24. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS – protokoll fra repr.skapsmøte 06.05.19
25. Krisesenter Vest IKS - protokoll fra representantskapsmøte 03.06.19
26. FKT og Arendalsuka 2019 – info skriv frå FKT
27. Brev m/vedlegg , dagsett 16.06.19, om sakshandsaminga i ei byggesak (ettersendt)
28. Statusorientering om forvaltningsrevisjonsarbeidet (ettersendt)

Handsaming i kontrollutvalet 18.06.19:

Utvalssekretær gjekk igjennom sakene 22-26 og 28. Utvalet kom med kommentarar, men det var ingen spesielle merknader.

Til 27 gjorde rådmannen utvalet merksam på at saka ikkje var ferdighandsama, og at dette var ei sak med fleire sider. Utvalsleiar viste til praksis at utvalet får slike henvendingar frå innbyggjarar vert dei lagt fram som referatsak. Han viste til utvalet sitt mandat og var klar på at saka skulle avvisast, då slike type vedtak har eigne klageorgan. Han leste opp sitt framlegg til vedtak. Utvalet støtta framlegget.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 18.06.19:

Sveio kontrollutval avviser sak frå Geir Terje Hamre, dagsett 16.06.19 då utvalet sitt fokus er systemkontroll, ikkje klage på enkeltvedtak eller overprøving av politiske prioriteringar.

Kontrollutvalet finn ikkje grunnlag for å be om meir opplysningar eller undersøkingar av kommunen si byggesakshandsaming, basert på rådmannen si orientering generelt og i den konkrete saka i møtet 18.06.19, sak 17/19.

Kontrollutvalet tar referatsakene 22-28 til orientering.

EVENTUELT

Ingen saker var meldt.

Neste møte

Etter møteplanen er dato sett til 24. september. Saker: forvaltningsrevisjonsrapport om barneverntenesta, framlegg til budsjett for kontroll og tilsyn 2020, revisor si eigenerklæring for 2019 og gjennomgang av notat om evaluering av utvalet sitt arbeid.

Sveio/Aksdal, 18. juni 2019

Olav Haugen
kontrollutvalsleiar (sign.)

Toril Hallsjø
utvalssekretær (sign.)